



## Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS  
Hella 60  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/71048-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
16.06.2016

### Førehandstilsegn – Avkjørsel – Fv. 413 – Gnr. 99 bnr. 7 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 6. mai 2016. Vi syner også til vedtak 16. mars 2016 etter plan- og bygningslova i hovudutval for plan, landbruk og teknisk for dispensasjon frå plankrav for deling og oppføring av to-mannsbustad på gnr. 99 bnr. 7 i Radøy kommune. Vi syner elles til våre uttaler til dispensasjonsspørsmålet. Statens vegvesen har vore på synfaring i dispensasjonssaka.

#### Saksopplysning:

Det er søkt om ny avkøyrsløse til gnr. 99 bnr. 7 og 73 i Radøy kommune.

Avkøyrsla ligg langs fv. 413. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og årleg døgntrafikk (ÅDT) er 350. Vegstrekninga har haldningsklasse 4 jf. *"Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013-2016)"*.

#### Førehandstilsegn:

Med heimel i veglova §§ 40 – 43, har vi fatta følgjande vedtak:

Etter ei samla vurdering av dei trafikale tilhøva på staden finn Statens vegvesen at det kan påreknast bruksløyve til ny avkøyrsløse for tilkomst til ny to-mannsbustad under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg / stad: Fv. 413 hp 1 km 0,391 / Ystebø, gnr. 99 bnr. 7 i Radøy kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Vi gjer særleg merksam på at siktkravet er skjerpa i høve til prosjekterte teikningar som var vedlagt søknaden.

Vi set følgjande krav:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre – år frå datoen på dette brevet elles fell tilsegna bort.
2. Avkøyrsla skal nyttast til bustadføremål for gnr. 99 bnr. 7 og 73 i samsvar med søknaden.
3. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippskisse (vedlagt), prosjektert teikningar (vedlagt) og forskrift om alminnelige reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsla frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum **70 meter** til begge sider av køyrebanen. Eventuelle planter og liknande. I frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradiusen skal markerast tydeleg t.d. med betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal ikkje vere større enn 4,5 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå prinsippskisse). Vi vil her gjere særleg merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsona.
8. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummer.
9. Det er eit vilkår for dette løyve at eksisterande avkøyrsla til gnr. 99 bnr. 73 (Fv. 413 hp 1 km 0,400) skal stengast fysisk i form av fjerning av avkøyrslpunktet.
10. Før arbeid vert sett i gang på / ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no) .

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd i samsvar med våre krav vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tek kontakt med sakshandsamar.

#### **Klagerett:**

Dette vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Klagefristen er tre – 3 – veker frå den dag dette brev kom fram.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg:

Prinsippskisse avkøyrslø

Prosjektert teikning veg (datert 23.09.2015)

Prosjektert teikning vegprofil (datert 13.11.2015).


Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Astrid og Johannes Kolås, Valdernesvegen 40, 5939 SLETTA


# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå


## Krav til svingradius for avkjørsla :




## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Fv: 413 Hp: 1 Km pel 0,391: Stad: Gnr 99 bnr 7 Ystebø Saksnr: 16/71048



01 13.11.2015 RS Kors. planeringshøyde og tilkomstvei DATA DESIGN SYSTEM




Prosjekt: 2-MANNSBOLIG - EGEN TYPE - Tradisjon  
 Tegning vedr.: SITUASJONSPLAN - VEG - A3  
 Tiltakshaver: STEVNEBØ BYGGEVARE AS  
 Byggested: RADØY G.nr.: 45 B.nr.: 435  
 Arkitekt: E.A. SMITH AS AVD. HIBA HUS - 5239 RÅDAL Tlf. 40006375 - Faks 55229990  
 Leverandør: STEVNEBØ BYGGEVARE AS - 5937 BØVÅGEN Tlf. 56349460 - Faks 56349461


Prosjekt ID: 15-044  
 Tegn.nr.: 499  
 Målestokk: 1:500 A3  
 Dato: 23.09.2015  
 Tegnet av: RS



© Tegningen er beskyttet i.h.t. lov om opphavsrett.



Profil – Pv1 fra situasjonskart på tegn.nr.: 499  
OBS! Målestokk 1 : 150



Profil – Pv2 fra situasjonskart på tegn.nr.: 499  
OBS! Målestokk 1 : 150

SØKNADSTEGNING 01 13.11.2015 RS Korr. planeringshøyde og tilkomstvei DATA DESIGN SYSTEM

Prosjekt: 2-MANNSBOLIG – EGEN TYPE – Tradisjon

Prosjekt ID: 15-044

Tegning vedr.: Profiler i veg – Pv1 og Pv2

Tegn.nr.: 498

Tiltakshaver: STEVNEBØ BYGGEVARE AS

Målestokk: 1:150 A3

Byggested: RADØY G.nr.: 45 B.nr.: 435

Dato: 23.09.2015

Tegnet av: RS

Arkitekt: E.A. SMITH AS AVD. HIBA HUS – 5239 RÅDAL Tlf. 4006375 – Faks 55229990

Leverandør: STEVNEBØ BYGGEVARE AS – 5937 BØVÅGEN Tlf. 56349460 – Faks 56349461



**HIBA HUS**

© Tegningen er beskyttet i.h.t. lov om opphavsrett.

VEGPROFILER

<p><b>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)</b>  Statens vegvesen  Region vest  Askedalen 4  6863 Leikanger</p>	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>  (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p>
<p><b>(3) Mottakar (namn og adresse)</b>  Arvid Grindheim   V/ Hammarkameratene</p>	<p><b>(2) Dato</b>  13.06.2016</p> <p><b>(4) Klageinstans</b>   Klagen sendast til Statens vegvesen, som oversender klagen til klageinstansen Hordaland Fylkeskommune</p>
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p> <p><b>Klagerett</b> De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p><b>Kven kan De klage til?</b> Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p><b>Klagefrist</b> Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p><b>Rett til å krevje grunngeving</b> Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.</p> <p><b>Innhaldet i klaga</b> De må presisere  – kva for eit vedtak De klagar på  – årsaka til at De klagar  – den eller dei endringar De ønskjer  – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga  Klaga må underskrivast.</p> <p><b>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket</b> Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b> Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p><b>Kostnadene med klagesaka</b> De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b> Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
<p>Særlege opplysningar  Førehandstilsegn avkøyrser Fv. 413. Ystebø, gnr 99 bnr 7 Radøy kommune. Snr.16/71048</p>	